



Universitetet i Bergen

Senter for vitenskapsteori



Intern utlysning av åremålsstilling "UNESCO Chair"

Bærekraftig kulturarv og miljøforvaltning - natur og kultur ([Sustainable heritage and environmental management-nature and culture](#))

Den som blir tilsett vil bli frikjøpt fra si faste stilling i åremålsperioden. Det blir presisert at kun fast tilsette ved UiB som har vitenskapelig førstestillingskompetanse kan søkje.

Den tilsette i stillinga vil vere ansvarleg for å oppfylle forpliktingane til UiB slik dei er skissert i avtalen underteikna i 2015 av generalsekretæren i UNESCO og rektor ved UiB:

<http://www.uib.no/svt/95863/unesco-professorat-lagt-til-svt>

I tillegg til hovudstillinga, kan det vere aktuelt å kople inn delstillingar frå fleire fagmiljø ved universitetet, men den tilsette i hovudstillinga vil ha det overordna ansvaret for å leie og rapportere frå arbeidet.

UNESCO-chair stillinga gir den tilsette same rettar og plikter som ein kvar professor- eller førsteamanuensisstilling ved Universitetet i Bergen når det gjeld akademisk fridom, tilsettingsrettar, juridiske rettar etc. Stillinga er lagt til Senter for vitenskapsteori, og den tilsette i stillinga vil inngå som del av den vitenskaplege staben ved senteret, og rapportere til senterleiaren. Stillinga er i utgangspunktet ei 100 prosent stilling, men i særlege tilfelle, spesielt knytt til oppstartsperioden, kan det forhandlast om redusert stillingsprosent.

Stillinga er mellombels og vil vare i same periode som avtalen mellom UNESCO og Universitetet i Bergen varer, frå ein avtalt startdato etter oppstartsfasen -tentativt 1. august - og i fire år frå dagen avtalen vart signert. Når denne perioden går mot slutten har Universitetet i Bergen høve til å søke UNESCO om ein ny avtaleperiode.

Følgjande forventningskrav, kvalifikasjonar og relevant erfaring vil bli vurdert:

- Den tilsette i UNESCO chair stillinga skal fremje eit integrert system av forskning, utdanning, formidling og dokumentasjon om bærekraftig kulturarv og miljøforvaltning. Dette vil omfatte tverrfaglig forskning, utvikling av undervisningsopplegg på ulike nivå og utforming og implementering av aktiviteter med sikte på å auke folks bevissthet omkring kulturarv og miljøforvaltning.
- Den tilsette må ha kapasitet til og bør ha erfaring med å fremje samarbeid på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå, publisering og formidling og organisering av tverrfaglege seminar og konferansar.
- Den tilsette skal samarbeide tett med UNESCO-programma og aktivitetane knytt til desse inkludert «[Man and Biosphere Programme](#)», og med dei andre UNESCO Chair tilsette i relaterte fagfelt.
- Den tilsette skal vere villig og i stand til å hente inn midlar og andre innsatsfaktorar frå privat og offentleg sektor. Evnen til å utvikle ein forskings-, utdannings- og formidlingsportefølje vil vere eit avgjerande kriterium for ei eventuell forlenging av avtalen.
- Den tilsette skal fungere som kontaktperson for alle UNESCO-relaterte saker ved Universitetet i Bergen og skal utvikle regionale nettverk og aktivitetar som utnyttar og skapar godt samspel mellom ulike UNESCO-relaterte aktivitetar.

Søknaden bør vera kortfatta, maks 3-4 sider pluss CV. Søknaden skal skissere søkaren sine planar og idéar for stillinga, samt relevant erfaring.

Du søkjer stillinga via lenka "Søk stillingen".

Søknadsfrist innan 7. mars 2016.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til:

Professor Peter Haugan, Geofysisk institutt: tlf. 55 58 26 78 eller epost peter.haugan@uib.no

Jobbnorge-ID: 122223, Søknadsfrist: 07.03.2016, Intern ID: 16/2196